



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/16	Plan og utvikling	04.04.2016

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
15/308 - 16/2492	K2 - L12	Jan Olav Åsarmoen Møller 959 84 656	30.03.2016

Områderegulering Flåm sentrum - oppstart av planarbeid

Kort samandrag

Saka gjeld oppstart av planarbeid og høyring av planleggingsprogram etter plan- og bygningslova §12-8.

Norconsult AS har utarbeidd planleggingsprogram som skisserar dei viktigaste utfordringane og som vert lagt til grunn for varsel om oppstart av arbeidet og seinare ved utarbeiding av planframlegg.

Føremålet med planarbeidet er hovudsakleg å løyse dei trafikale utfordringane, sikre utbyggingsområde for næring og sikre tilgjengeleg areal for både innbyggjarar og dei besøkande.

Rådmannen si tilråding:

Plan og utvikling vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §12-8 å starte opp ein områderegulering for Flåm sentrum. Planavgrensing kjem fram av planleggingsprogram. Føremålet med planarbeidet er hovudsakleg å løyse dei trafikale utfordringane, sikre utbyggingsområde for næring og sikre tilgjengeleg areal for både innbyggjarar og dei besøkande.

04.04.2016 Plan og utvikling

PUT-017/16 Vedtak:

Plan og utvikling vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §12-8 å starte opp ein områderegulering for Flåm sentrum. Planavgrensing kjem fram av planleggingsprogram. Føremålet med planarbeidet er hovudsakleg å løyse dei trafikale utfordringane, sikre utbyggingsområde for næring og sikre tilgjengeleg areal for både innbyggjarar og dei besøkande.

Samrøystes

Vedlegg:

Planleggingsprogram for reguleringsplan for Flåm
Områderegulering for Flåm sentrum - oppstart av planarbeid - framdriftsplan (L)(225261)
Planavgrensing reguleringsplanarbeid Flåm sentrum

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

- *Plan- og bygningslova §12-8.*
- *Naturmangfaldlova*

Saksopplysningar

Aurland kommune skal utarbeide reguleringsplan(områderegulering) for flåm sentrum i samsvar med kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2016 – 2019.

Utval for Plan og utvikling slutta seg til opplegg for prosess for planarbeidet, samt vedtok planavgrensing, i møte 25.01.2016, sak 004/16.

Norconsult AS har utarbeidd planleggingsprogram som skisserar dei viktigaste utfordringane og som vert lagt til grunn for varsel om oppstart av arbeidet og seinare ved utarbeiding av planframlegg.

Føremålet med planarbeidet er hovudsakleg å løyse dei trafikale utfordringane, sikre utbyggingsområde for næring og sikre tilgjengeleg areal for både innbyggjarar og dei besøkande.

Vurdering

Planleggingsprogrammet skisserar dei viktigaste utfordringane i planarbeidet, på bakgrunn av føreliggjande registreringar, analyser, grunnlagsmateriale, kjennskap til området og føringar for planarbeidet.

Føremålet med planleggingsprogrammet er å etablera eit felles kunnskapsgrunnlag og forståing av utfordringane. Planleggingsprogrammet vert lagt på høyring saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Innbyggjarane og andre offentlege eller private interesser får i høyringa høve til å ta stilling til grunnlaget for planarbeidet og korleis det skal gjennomførast. Innspel til høyring vert oppsummerte og lagt til grunn for eventuelle justeringar før planleggingsprogrammet vert handsama politisk og lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Nærare gjennomgang av planarbeidet og utgreiingstema kjem fram av vedlagd planleggingsprogram.